



Retningslinje for tildeling av dag- og aktivitetsplass for eldre

Gjeld frå 1. januar 2020



ALVER
KOMMUNE



Innhald

KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR.....	2
1. Formål.....	2
2. Virkeområde	2
3. Definisjonar.....	2
KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV DAGPLASS	2
4. Søknad.....	2
5. Heimebuande.....	2
6. Sosialt fellesskap og aktivitet	2
7. Funksjon	3
8. Val av dagsenter	3
9. Utmåling av dagar	5
10. Avslag pga. manglande kapasitet.....	5
KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR.....	5
11. Transport til og frå heimen	5
12. Endring av dagsenter.....	5
13. Bortfall av dagplass	5
14. Vedtak.....	6
15. Iverksetting	6



KAPITTEL 1. INNLEIANDE REGLAR

1. Formål

Formålet med dagplass er primært å gje eldre og personar med demens fellesskap, aktivitet, stimulans, gode opplevingar og meningsfulle kvardagar.

Dagplass kan samstundes avlaste pårørende for omsorgsoppgåver på dagtid, og bidra til at familie og ektefeller kan klare å stå i ein krevjande omsorgssituasjon.

Dagplass, saman med andre tenester, kan også bidra til å forhindre eller utsette institusjonsinnlegging.

2. Virkeområde

Retningslinja gjeld for tildeling av dagplass i Alver kommune.

3. Definisjonar

Dagplass: Dagtilbod på eit dagsenter frå 1 til 5 dagar (måndag til fredag) per veke. Tilbodet gjeld på dagtid frå kl. 09.00- 15.00. Transport til og frå eigen heim er inkludert, saman med måltid (frukost og middag) og tilbod om ulike aktivitetar.

Aktivitet: Aktivitetar vert utforma saman med og tilpassa brukar sine ønskje og mulegheiter. Aktivitet bidreg til å vedlikehalde dagleglivets funksjonar, betre kognitiv funksjon og auke trivsel og livskvalitet.

KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV DAGPLASS

4. Søknad

Det må søkjast om dagplass, og søknaden må grunngjevast.

5. Heimebuande

Søklar må vere heimebuande for å få tildelt dagplass. Søklarar som bur i omsorgsbustad pluss vil normalt ikkje bli tildelt dagplass. Søklarar som har institusjonsopphald (korttid eller langtid) vil ikkje bli tildelt dagplass.

6. Sosialt fellesskap og aktivitet

Søklar må ha bruk for, nytte og glede av sosial stimulering og aktivitet i fellesskap med andre.



Dagplass vert ikkje tildelt den som kan nyttiggjere seg lavterskeltilbod for sosialt fellesskap og aktivitet eller sosial arenaer i regi av frivillige, eller som berre har behov for transport til og frå slikt lavterskeltilbod og andre sosiale arenaer.

7. Funksjon

a) Søkjar må

1. ha eit funksjonsnivå som gjer at ein kan fungere med tilrettelegging i daglege gjeremål,
2. vere fysisk mobil, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel og
3. kunne delta i og fungere i gruppe.

b) Dagplass skal ikkje tildelast den som

1. vedvarande er i behov for omfattande skjerming for å ta i vare eigen integritet, eller
2. krev 1:1 bemanning. Tildeling av prøveperiode kan vurderast, for å kartlegge om opphald på dagsenter etter ei heilskapleg vurdering er det beste for søkjaren, sjølv om søkjar krev 1:1 bemanning.

8. Val av dagsenter

Søkjarar som er kvalifisert for dagplass kan ikkje sjølv velje dagsenter. For søkjar som oppfyller vilkår i pkt. 4-7 er følgjande moment styrande for kommunen sitt val av dagsenter.

a) Dagsenteret i Alversund:

1. Søkjar må ha ein demensdiagnose (mild/moderat grad) eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. Søkjar må ha god fysisk funksjon og kunne bevege seg innandørs, i trapper og utandørs utan bruk av forflytningshjelpemiddel.
3. Søkjar må kunne fungere i gruppe gjennom heile dagen.
4. Søkjar må ikkje ha eit behov for skjerming eller behov for å kvile på einerom.
5. Søkjar må ikkje vere i behov for stell og pleie under dagopphaldet.

b) Dagsenter i Knarvik, ved sjukeheimen:

1. Søkjar må ikkje ha demensdiagnose eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. Søkjar må ikkje ha eit behov for skjerming og behov for å kvile på einerom.
3. Det bør ikkje vere meir enn ein brukar med rullestol kvar dag på dagsenteret.



c) Dagsenteret på Lindås:

1. Søkjar må ha ein demensdiagnose (mild, moderat eller alvorleg grad) eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. Søkjar må kunne bevege seg innandørs og utandørs, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel.
3. Søkjer må ikkje ha eit behov for skjerming eller behov for å kvile på einarom.
4. Det bør ikkje vere meir enn ein brukar med rullestol kvar dag på dagsenteret.

d) Dagsenteret i Knarvik, ved Såta

1. Søkjar må ha ein demensdiagnose (mild, moderat eller alvorleg grad) eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. Søkjar må kunne bevege seg innandørs og utandørs, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel.
3. Det bør ikkje vere meir enn to brukarar med rullestol kvar dag på dagsenteret.

e) Dagstova på Manger

1. Søkjar må ha ein demensdiagnose (mild, moderat eller alvorleg grad) eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. Søkjar må kunne bevege seg innandørs og utandørs, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel.
3. Søkjer må ikkje ha eit behov for skjerming eller behov for å kvile på einarom.
4. Det bør ikkje vere meir enn to brukarar med rullestol kvar dag på dagsenteret.

e) Dagsenteret på Frekhaug

1. For plassar avsatt til personar med demens må søkjar ha ein demensdiagnose (mild, moderat grad) eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
2. For plassar avsatt til andre enn personar med demens, må søkjar ikkje ha demensdiagnose eller vere under utredning for symptom på demenssjukdom.
3. Søkjar må kunne bevege seg innandørs og utandørs, eventuelt ved hjelp av forflytningshjelpemiddel.
4. Søkjer må ikkje ha eit behov for skjerming eller behov for å kvile på einarom.



5. Det bør ikkje vere meir enn to brukarar med rullestol kvar dag på dagsenteret.

Søklarar som oppfyller vilkåra for å vere på fleire enn eit dagsenter, kan tilbys dagplass ved fleire dagsenter.

Søklarar bør få tildelt dagplass i sitt nærrområde, dersom vilkåra for val av det aktuelle dagsenteret er oppfylt.

9. Utmåling av dagar

For søklarar som får dagplass, så skjer utmåling av antal dagar (1-5 dagar) etter ei vurdering basert på søkjar sitt behov, og kva andre tenester og hjelpetiltak søkjaren har.

10. Avslag pga. manglande kapasitet

Søklarar som oppfyller vilkåra i 4-7 men som får avslag pga. manglande kapasitet, skal vurderast for alternative tenester.

KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR

11. Transport til og frå heimen

Søklar som får vedtak om dagplass må nyttiggjere seg til ei kvar tid gjeldande transporttilbod. Dersom søklar vil nytta annan transport skjer dette på eiga rekning.

12. Endring av dagsenter

Brukar som ikkje lenger oppfyller vilkår for å få dagtilbod på dagsenteret jf. pkt. 8 pga. forverring i helse eller funksjon, vil bli vurdert for byte av dagsenter. Byting av dagsenter handterast av dagsenterleiinga i samhandling med forvaltningskontoret.

13. Bortfall av dagplass

Om brukar ikkje nyttar tildelt dagplass i ein periode på 2 månader fell dagplassen bort.

For brukarar som har takka ja til omsorgsbustad pluss eller fått langtidsplass fell dagplassen som hovudregel bort, og vert erstatta av tilbod om sosialt fellesskap og aktivitet i fellesareal knytt til bustaden eller sjukeheimen.



14. Vedtak

Forvaltningskontoret gjer vedtak om tildeling av dagplass etter denne retningslinja. Forvaltningskontoret kan også gjere vedtak om tildeling av prøveperiode.

15. Iverksetting

Denne retningslinja gjeld frå 1. januar 2020.